



Innsatsvillige 16-åringar: Karoline, Johannes og Bjørn Martin.

**- LOs sommarpatrulje har vi førebels ikkje sett her. Men dei må berre komma, for her er alt i orden med omsyn til kontraktar, seier dagleg leiar for SPAR Bente Nilsen. Vi er no inne i den klart beste salsmånaden for den framgangsrike butikken i Uskedalen og 5 i staben er på ferie medan like mange sommarvikarar er i teneste, som det plar vera.**

Dei har ein overraskande låg snittalder. Vegard Døssland og Magnus Høivik er litt eldre men trioen Karoline Isdal Amundsen, Bjørn Martin Haugland og Johannes Taranger er berre 16.

- Korleis fungerer det med så ung arbeidskraft?  
- Det fungerer veldig bra. Dei er fulle av energi og stiller på jobben når dei skal det. Eg er imponert, for det er mykje å setja seg inn i når ein skal jobba i ein butikk, seier Bente.

Ho har all grunn til å tru at juli vert månaden med størst omsetnad også dette året.

Det er no 12 fast tilsette i SPAR og dei er alle på full tid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen